



SFO 2007/-08

Søknad om plass i skulefritidsordningane i Skodje kommune for elevar ved 1. - 4. trinn vert å sende Skodje kommune, servicekontoret, 6260 Skodje.

Søknadsskjema får ein ved servicekontoret, på skulane eller på kommunen si heimeside.

Søknadsfrist: 1. april.

Lærlingplassar

Skodje kommune har frå 01.08.07 ledig 3 lærlingplassar innanfor desse områda:

- kokkefag
- omsorgsfag
- barne- og ungdomsarbeid

Spørsmål kan rettast til kontorsjef Synnøve Vasstrand Synnes tlf. 70 24 40 13.

Tilsetjinga skjer på dei vilkår som går fram av gjeldande lover, reglement og tariffavtalar.

Skriftleg søknad med kommunen sitt cv-skjema skal sendast til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje.

Søknadsfrist: 30. mars.

Kulturmidlar

Det er høve til å søkje om kulturmidlar for alle lag som driv kulturarbeid i Skodje kommune, anten det er idrett, song og musikk eller andre typar av kulturarbeid. Søknad skal vere på eige skjema som ein får ved å kontakte Skodje kommune, sentraladministrasjonen, tlf. 70 24 40 00 eller ved å gå inn på kommunen sine heimesider. Her finn ein også meir informasjon om midlane.

Søknadsfrist: 1. april.

Vegnamn i Skodje

Skodje kommune har starta arbeidet med å innføre offisielle adresser i Skodje sentrum og på Valle. I 1993 vart ein rekkje vegar gjeve namn. Arbeidet med å samle inn og foreslå namn vart utført av eit namneutval som var oppretta av kommunen.

Ikkje alle vegane vart gjeve namn i 1993, og i tillegg er det bygd og regulert fleire nye vegar i sentrum og på Valle. For å få eit fullstendig adresseregister bør alle vegane i eit område gjevast namn og eigedomane som er knytte til dei få offisiell adresse.

Skodje formannskap vedtok i 2005 å opprette eit nytt namneutval som skulle kome med framlegg til nye vegnamn, innhente uttale frå berørte partar og faginstansar og sørge for at namnet vert eintydig og utforma etter gjeldande retningslinjer.

Utvalet har hatt desse medlemmane: Lars Ørjasæter, Otto Berg, Aslaug Ervik og Øystein Strømsvik.

Namnet på vegar spelar ei sentral rolle ved adressetildelinga. Det skal brukast i mange samanhengar og representerer det konkrete synlege uttrykket for vegen. Det skal stå i generasjonar framover, er av viktig språkleg og kulturell verdi, er ein del av lokalmiljøet og er med på å styrke den kjensla folk har av å høyre til på ein plass.

Eit fylldig og rikt bakgrunnsmateriale er viktig for å kunne finne fram til dei rette vegnamna. Eigne innsamla stadnamn og innhenta stadnamn, ved sida av skriftlege kjelder, vil vere til god hjelp i dette arbeidet. Dersom ein brukar eksisterande stadnamn, bør vegen gå gjennom eller like ved den opphavlege lokaliteten. Ved hjelp av samansettingar kan ein lage mange gode vegnamn av få gamle stadnamn.

Framlegg til nye vegnamn har delvis vore kunnigjort i avisene og delvis har bebuarane som har adresse til den aktuelle vegen vore tilskrivne. Statens namnekonulerantar for

Vestlandet har vurdert skrivemåten og kome med si endelege tilråding.

I medhald av delegert mynde til rådmannen, og vidaredelegering til teknisk sjef er det gjort følgjande vedtak:

I medhald av lov om stadnamn §6 har Skodje kommune godkjent følgjande nye vegnamn i Skodje kommune:

1. Straumsvegen (gamle RV 661)
2. Ytrebergvegen
3. Nilsgjerdet (bustadfelt i Grindvika)
4. Grindvikgjerdet (bustadfelt i Grindvika)
5. Skodjevegen (RV 661 gjennom sentrum)
6. Engsetdalsvegen (fylkesvegen til Engsetdalen)
7. Klungrebakken (frå Korsvegen til kyrkja)
8. Bøbakken (bustadfelt)
9. Olivermarka (bustadfelt)
10. Lundbøen (bustadfelt)
11. Furlivegen (fylkesvegen til Solnørdalen)
12. Bergslia (bustadfelt)
13. Sturvågvegen (veg frå E39 til Sturvågen)
14. Håemsvegen (veg til Håemsgardane)
15. Verslehøgda (bustadfelt)
16. Myra (veg på Valle)
17. Myrane

Vedtak om gatenamn er eit enkeltvedtak og som kan påklagast av lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn jfr § 6 i lov om stadnamn. Saksdokumenta kan interesserte få tilgang til ved å henvende seg til teknisk avdeling innan tre veker.

Skatteoppkrevjaren har fått nytt kontonummer

Frå 9. mars har skatteoppkrevjaren fått nytt kontonummer. Det nye nummeret er **6345 06 15295**.

Dette nummeret skal nyttast ved **all** innbetaling til skatteoppkrevjaren.

Unngå restskatt og rentetillegg

For dei som vil unngå restskatt og rentetillegg, er fristen for innbetaling av tilleggsforskot for inntektsåret 2006 **30. april 2007**.

Beløpet kan betalast til det nye kontonummeret 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. Dette kan lagast ved å gå inn på www.skatteetaten.no.

Renovasjon

I samband med påske, 1. mai og pinse, vil det bli 1 dags forskyving i renovasjonsrutene i veke 15, 18 og 22. Desse vekene blir tysdagsruta (R9) køyrt på onsdag, og onsdagsruta (R10) blir køyrt på torsdag.

D.v.s. at tysdagsruta (R9) vil bli køyrt på onsdag 11. april, onsdag 2. mai og onsdag 30. mai.

Onsdagsruta (R10) vil bli køyrt på torsdag 12. april, torsdag 3. mai og torsdag 31. mai

I avfallskalenderen som vart sendt ut ved årsskiftet, står dei rette datoane. Du finn den også på Skodje kommune si heimeside, eller du kan få den ved å vende deg til servicekontoret.

Ny medarbeidar

Psykiatrigruppa har fått ny medarbeidar frå 1. mars 07. Marit Instefjord er spesialsjukepleiar i psykisk helsearbeid. Ho har dei siste 6 åra vore tilsett v/Psykiatrisk avdeling v/ Ålesund sjukehus, og har lang erfaring som sjukepleiar frå ulike arbeidsfelt, m.a. rus.

Marit vil ha eit spesielt ansvar for oppfølging av unge. I lag med helsesøster vil ho være tilstades på ungdomsskolen ein fast vekedag. Ho vil òg vere kommunen sin MOT-representant.

Skiløypekart

Det er utarbeidd eit kart over skiløypene som Skodje IL, Engesetdal IL, Tomrefjord IL og Ørskog IL preparerer.

Kartet finn du på heimesida til Skodje kommune, på heimesida til Skodje idrettsråd, eller du kan få det ved å vende deg til servicekontoret på rådhuset.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 22. juni. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 13. juni.

Kan du tenke deg å vere leseombod?

Å lese er ein viktig del av kvardagen vår. Men vi veit at det finst grupper som ikkje kan eller orkar å lese. Dette kan ha mange ulike årsaker, og mange kan ha problem med å lese ein enkel tekst.

Det er her ideen om leseombod kjem inn: Leseomboda hjelper dei som ikkje kan eller orkar å lese sjølve. Leseomboda skal syte for regelmessige lesestunder med høgtlesing. Slike lesestunder kan for mange vere ei kjelde til auka livskvalitet, der ein kan få verdfulle litteraturopplevingar og tilgang til skriftleg informasjon.

Dette er ikkje noko nytt – det er mange, t.d. tilsette i institusjonar som les mykje for bebuarane. Det ein ønsker no, er å gi hjelp og rettleing til å sette det meir i system.

Kven kan vere leseombod?

Leseombod kan vere anten helsepersonell, personar som er engasjert gjennom ulike organisasjonar eller andre som melder seg heilt privat. Dei vil få rettleing og opplæring i korleis dei kan bruke lesing i kvardagen, og dei får vere med i nettverksgrupper.

Landsomfattande ordning

Ordninga er alt i gang i 9 fylke i Norge, og det

blir lest i mange kommunar og i alle typar institusjonar. Det er om lag 400 aktive leseombod i heile landet. Folkebiblioteket skal vere koordinerande instans for leseomboda, og skal organisere kursing og opplæring, og hjelpe til med å skaffe ulike typar tilrettelagt materiale.

Leseombod i Skodje

Folkebiblioteket i Skodje arbeider med å få i gang ordning med leseombod. Er det nokon som kan tenke seg ei slik oppgåve, er det berre å ta kontakt med biblioteket, så får ein meir informasjon.

I tillegg til å organisere leseombod, vil biblioteket bygge opp samlingane med bøker og anna materiell som er lett tilgjengeleg for dei som av ulike årsakar har problem med å lese vanleg tekst.

Tlf. 70 24 48 75

E-post: biblioteket@skodje.kommune.no



Dette skjer

«Stang Ut»

Skøye teaterlag skal framføre årets revy som har fått tittelen «Stang ut» i helga. Det er vårslepp for medlemmane i teaterlaget, og vi lovar trim for lattermusklane i år også. Tittelen på revyen kan tolkast i fleire retningar, meir skal vi ikkje røpe. Dette må folk i bygda få med seg.

Forestillingane vert framført i idrettshallen på ungdomsskolen. Vi skal ha to framsyningar, fredag 23. og laurdag 24. mars. I år kan barn under 16 og barn over 67 kjøpe billetter til halv pris. Billettpris kr. 200,00. Honnør/barn kr. 100,00.

Billetter kan kjøpast ein time før revyen startar. Billettsalget startar kl. 18.00. Revyforestillinga startar kl. 19.00.

Vi ynskjer store og små velkomen til to trivelege kveldar i lag med oss i Skøye teaterlag.

Sommartur for eldre torsdag 14. juni

Skodje Pensjonistlag og Skodje Røde Kors Besøktjeneste arrangerer dagetur for eldre i heile kommunen til Jostedalbreen Nasjonalparksenter i Oppstryn.

Etter omvisning på det innholdsrike senteret vert det servert middag på Hjelle Hotell i Hjelledalen, før retur over Geiranger.

Annonse med meir informasjon om påmelding og pris i Bygdebladet seinare.

Skodje Pensjonistlag - turnemda

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no